

Godt elvefiske etter opninga 4. august.

10.08.2018



Uskedalselva har mange gode fiskeplassar, men elv er uansett best ved mykje vatn.

Med lite nedbør og vatn har Uskedalelva vore stengd i store deler av denne sommaren. Då er det gledeleg at etter opninga 4. august er det alt registrert fangst på meir enn 20 fiskar, om lag likt fordelt på aure og laks. Den største registrerte fangsten til no er laks på 6 kg. Det er elles teke fisk på 4,1 kg, 2,2 kg og 1,5 kg. I snitt ligg vekta kring 2 kg.

Dei faste fiskarane er tilbake i Uskedalselva. Det er godt kjende personar som gjestar Uskedalen kvart år i fiskesesongen. Nokre kjem i bubar. Nokre bur på Rabben Feriesenter. På nettsida til Uskedal Grunn- og Elveelgarlag vert fangsten registrert og alle kan gå inn for å fylgja med på fiske. Det er ein viktig føresetnad for ei god fiskeforvaltning og det er at alle melder inn fangst.

På nettsida kan ein også sjå om ein brukar mark, spinner eller floge. Dei beste registrerte fiskeplassane er Haugland, Klammeren, Musland og Djupenhølen.

Uskedalen.no er kjend med at fleire av fiskarane er born og ungdom. Det er ei god sak når foreldra tek borna med på fiske og på den måten overleverer kunnskap og lærdom i faget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal